



Tina Marie Weier Oldham
Einleitevegen 5
5984 Matredal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/850 - 23/7887

Sakshandsamar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

13.09.2023

Førebels tilbakemelding innhald i søknad - Søknad om utslepp av gråvatn med infiltrasjonsanlegg - gbnr 50/7

Viser til søknad motteke 12.09.23 vedr. søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn.

Masfjorden kommune har eigen: «Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Masfjorden kommune, Vestland» Forskrifta er tilgjengeleg på Lovdata

Her går det fram ei rekkje krav til korleis eit avlaupsanlegg skal utformast. Det er blant anna ikkje tillete med tett tank-løysing. Slik me skjønar søknad er det planlagt tett tank for svartvatn. De er i søknad ikkje kryssa av for om det skal installerast vassklosett eller ikkje.

Ein viser vidare til §§ for reinsekrav. Det er kryssa i søknad for at dokumentasjon på rensegrad er vedlagt søknad, men me kan ikkje sjå at den er vedlagt. Anlegg for både svart- og gråvatn, må tilfredsstilla krava til rensing i forskrifta. Det må og visast på kart/ utgreiing korleis det evt. skal vera tilgjenge for slambil for tømning av slam både frå grå og evt. svartvatn.

Søknad bør og nabovarslast til eigar av gbnr. 50/1-2

Ber om at søknad vert supplert/ retta opp i forhold til krava i forskrifta, før me handsamar denne.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt saksbehandlar Jan Kvingedal.

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Kopi til:

Lindås Rør & Sanitær As

Burkhovdane 1

5914

Isdalstø

Mottakarar:

Tina Marie Weier Oldham

Einleitevegen 5 5984

Matredal